

## GUDS MEISTERHAND

Guds meisterhand kan forma  
ein livlaus klump av leir  
til verk som i hans skapartanke tindra.  
Frå voggebarn som dorma  
i lune barnereir,  
til dei, han med sitt Ord i sorgi lindra.  
I sitt bilete skapte han dei,  
det fyrste gry.  
Om dei hans bilet' tapte,  
han forma dei på ny.  
Hans Majestet kan ingi makter hindra.

Får han i barnet byrja  
å skapa karakter,  
vil ungdomslivet adelsbore vera.  
Då treng ei mannen spyrja:  
«Kvi skal eg leva her?»  
Den gamle, livsens gylne frukt får bera.  
For livet ligg i fager,  
forklára stråleglans,  
og bivreskin i nåden  
det fekk frå Sonen hans.  
Då ingen vil på Herrens livsplan kjæra.

Der barnetru bar kumar,  
med blom i ungdomsvår  
i sol og regn frå Himmel-hellagdomen,  
der rann og fager sumar,  
med rike manndomsår,  
då kart og frukt det laga seg av blomen.  
Der barnet i sitt hjarta  
gav rom for Herrens sád,  
og ungdomslivet mognast  
til kristen manndoms-dåd,  
der stråla kruna over alderdomen.

Johs. M. L. Rydland.